

På Generalforsamlinga til Uskedalen Aktivitetshus torsdag 6. mars, gjekk to markante personar ut av styret.

Jan Berntsen har vore dugnadsansvarleg, og han har i ein lang periode, spesielt det siste året, lagt ned eit enormt arbeid for å få Aktivitetshuset ferdig. Han har teke kontakt med entreprenørar, skaffa pristilbod, skaffa folk til hundrevis av dugnadstimar og sjølv brukt ein stor del av fritida si for at bygdefolket skal ha ei perfekt storstove til kulturelle og idrettslege aktivitetar året rundt. For oss andre har Jan vore ein samarbeidspartnar av dei sjeldne, - med sin arbeidsvilje, sin kapasitet, sin glød og sitt gode humør.

Erlend Moen har vore ein hardtarbeidande styreleiar det siste året, teke tak i det meste og pressa byggeprosessen fram mot målet. Sjølv om noko står att når han sluttar, er avslutninga no så nær at både trimrom og garderobeanlegg snart er ferdigstilte.

På vegne av oss som sit att i styret, vil eg gje Jan og Erlend stor takk, - for godt samarbeid, og for alt arbeidet dei har gjort til beste for bygda.

Vidar